

Fra: Jomar Ragnhildstveit (Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no)

Sendt: 16.08.2018 16:35:19

Til: Cathrine Grasdal

Kopi:

Emne: SV: Revidert plankart - Kommunedelplan for Rongøy

Vedlegg: image002.png;image003.jpg;image004.jpg

Hei,

Skjellsand i KPA dreiar seg om areal for uttak av råstoffet skjellsand frå sjøbotnen. I SOSI standarden kjem uttak av skjellsand inn under fagområdet Råstoffutvinning (SandGrusUttak frå sjøbotnen).

Viser til Miljøverndepartementet sin veileder til KPA, veileder T-1491 (frå 2012), som ligg på:

https://www.regjeringen.no/contentassets/18987b252b8948588c8323a1328d9cf3/kommuneplanens_arealdel.pdf

Der står det på side 89 korleis kommunen kan behandle område for uttak av skjellsand i KPA. Det står:

Skjellsand

Skjellsanduttak er ikke eget underformål i plan- og bygningsloven. Areal kan avsettes til skjellsanduttak ved å bruke det generelle formålet "bruk og vern av sjø og vassdrag" og spesifisere bruken nærmere gjennom bestemmelser. Bestemmelser etter § 11-11 nr. 3 kan gis om "bruk og vern av vannflate, vannsøyle og bunn", og dette gir muligheter for å styre skjellsanduttak. Det kan også være en mulighet å benytte formålet råstoffutvinning etter § 11-7 nr. 1, dersom det anses mer hensiktsmessig.

På land og i sjøområda kan altså plankartet vise område for råstoffutvinning (under pbl § 11-7 nr. 1). I sjøområda kan område for råstoffutvinning frå sjøbotnen, t.d. skjellsand, sand og grus, alternativt visast under § 11-7 nr. 6, ved å ta inn ei føresegn etter § 11-11 nr. 3. Under § 11-7 nr. 6 står det nemleg: «... I områder hvor arealplanen bare angir hovedformål for arealbruk, skal det i nødvendig utstrekning gis bestemmelser som klargjør vilkårene for bruk og vern av arealene, jf. §§ 11-9 til 11-11.»

Gjennom KPA (plankartet med tilhøyrande føresegn) kan altså kommunen vise område der uttak av råstoffet skjellsand frå sjøbotnen kan skje og ha førsteprioritet.

Forslaget frå kommunen nedanfor, med omsynssone landbruk, er uforståeleg for meg. Tanken er kanskje at skjellsand skal brukast til kalkingsformål i landbruket?? Men dette kan ikkje regulerast i KPA.

Det alternative forslaget frå kommunen, med kombinert formål i sjø og vassdrag, og tilhøyrande føresegn synest å vere det alternativet som det er peika på i veileder T-1491.

Venleg helsing

Jomar Ragnhildstveit

seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | klima- og naturressursseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Mob: 976 66 576

Fra: Cathrine Grasdal

Sendt: torsdag 16. august 2018 13:59

Til: Jomar Ragnhildstveit <Jomar.Ragnhildstveit@hfk.no>

Emne: VS: Revidert plankart - Kommunedelplan for Rongøy

Hei,

kan du gje meg ei skriftleg tilbakemelding på forslaga frå Øygarden i meldinga under?

(Eg kan legge dialogen vår her inn i ePhorte når eg får svaret ditt.)

Venleg helsing

Cathrine Grasdal
Rådgjevar
regionalavdelinga | planseksjonen



Cathrine.Grasdal@hfk.no
telefon: 90526060

Hei!

Vel overstått sumar!

Me arbeider vidare med KDP og områderegulering for Rong og ventar spent på framlegg til politisk handsaming hjå dykk.

Eg treng før den tid berre ei lita avklaring på skjelsanduttaket som skal vere med i KDP.

Det var slik at det ikkje var riktig å sette av området til akvakultur. Me lurar då på kva som er riktig måte.

Ser frå vår kommuneplan (2014) at det er nytta eit symbol som ikkje naudsynt er godt forankra i SOSI-standard. Me ynskjer primært å nytte oss av arealformål og omsynssoner som er praktiske og seier meir om intensjonane for området.

Forslag frå oss:

Arealformål: Bruk og vern av sjø og vassdrag med omsynssone landbruk. Med tilhøyrande føresegn.

Eventuelt

Arealformål: Kombinert formål i sjø og vassdrag – spesifisert mot skjelsand. Med tilhøyrande føresegn.

Vonar du eller Jomar Ragnhildstveit kan klargjere litt.

Med helsing,

Sven Selås Kallevik
Planleggar
Øygarden kommune

E-post: svekal@oygarden.kommune.no
Tlf: 56 38 53 60
Heimeside: www.oygarden.kommune.no



Fra: Cathrine Grasdal [<mailto:Cathrine.Grasdal@hfk.no>]

Sendt: fredag 29. juni 2018 14.06

Til: Sven Selås Kallevik

Kopi: Eva Katrine Ritland Taule


Emne: Revidert plankart - Kommunedelplan for Rongøy

Viktighet: Høy

Hei, har drøfta problemstillinga knytt til skjelsand med overordna og ansvarleg for akvakultur.

Vi vil ikkje tilrå motsegn dersom skjelsanduttaket blir endra til SKJ-område, og med tilhøyrande føresegn som i gjeldande KPA.

Denne endringa må gjerast før kommunal politisk handsaming, og vi vil vidare følgje opp varsel om vedtak av denne planen.



Venleg helsing

Cathrine Grasdal

Rådgjevar

regionalavdelinga | planseksjonen



Cathrine.Grasdal@hfk.no

telefon: 408 06 284 /905 26 060